

KIRURGISK KLINIKK

INFORMASJON OM PLANLAGT OPERASJON





Innhald	side
Dagen i mottak	3
Operasjonsdagen	5
På sengepost	8
Pårørande og vener	11
Kontaktinformasjon	12

VELKOMMEN TIL KIRURGISK KLINIKK

Vi ønsker at du skal vere best mogleg orientert om det som skal skje med deg under opphaldet, og håper derfor du tar deg tid til å lese denne brosjyren.

Dagen i mottak

Ein sjukepleiar vil notere personopplysningane dine og gi deg informasjon. Kvar enkelt vil få nærare beskjed om kva førebuingar som er nødvendige før operasjonen. Det er ønskeleg at du er til stades i mottak sjølv om det blir ein del venting.

Program i mottak		Utført
1	Blodprøver blir tatt ca. kl. 09.30	
2	Hjartediagram (EKG) blir tatt på alle over 60 år.	
3	Enkelte må ta røntgenbilde.	
4	Ein lege vil undersøke deg og ta opp journal. Du får spørsmål om noverande og tidlegare sjukdomar, og kva medisinar du bruker. Det er fint om du har skrive ei liste over faste medisinar på førehand.	
5	Kirurggen vil informere deg om den planlagde operasjonen.	
6	Pasientar som har diabetes må avtale med legen korleis dei skal regulere blodsukkeret siste døgnet før operasjonen.	
7	Anestesilegen vil informere deg om kva bedøving du skal få.	
8	Fysioterapeuten kjem til dei som skal ha større operasjonar, og gir informasjon om aktivitet etter operasjonen	

● **Dersom du må forlate mottak, ber vi deg avtale dette med personalet.**

Mine avtalar	Skal fyllast ut av sjukepleiar i mottak
Min operasjonsdag	
Møtetidspunkt	
Min sengepost	
Mine førebuingar	
Signert av	

Overnatting og reise

Pasientar som pga. lang reiseveg eller manglande kollektivtilbod må ha overnatting ved reise til eller frå sjukehuset, må bestille og betale sjølve. For meir informasjon om kva som skal til for å få dekka utgiftene, kan du ringe Pasientreiser på telefon 05515, eller lese på www.helsenorge.no/rettigheter/pasientreiser. Dei som bur i rimeleg avstand frå sjukehuset, kan reise heim på permisjon fram til operasjonsdagen.

Helsepersonell har teieplikt

Det inneber at vi ikkje kan gi informasjon om helsetilstanden din til pårørande utan at du har gitt ditt samtykke. Når helsetilstanden din gjer deg i stand til det, ønskjer vi at du sjølv informerer pårørande om helsa di. Kvar pasient bør ha ein pårørande som er hovudkontakt for helsepersonell. Vi treng namn og telefonnummer.

FØREBUING TIL OPERASJON

Verdisaker

Som pasient er du sjølv ansvarleg for verdisakene dine, så ta med minst mogleg til sjukehuset. La ringar og smykke ligge heime. Ved behov kan vi låse verdisakene dine inne. Då får du ei kvittering på det vi har tatt vare på.

Mage og tarm

Nokre operasjonar krev at tarmen er tømt. Då må ein ta avføringsmiddel dagen før operasjonen, eventuelt eit klyster sjølve operasjonsdagen. Sjukepleiar avtaler dette med deg dersom det er aktuelt for deg.

Faste

Du må faste frå midnatt før operasjonen (kl. 24.00). Det betyr at du ikkje skal ete, røyke, bruke snus, pastillar eller tyggegummi. Etter kl. 24 kan du drikke klare væsker som vatn, te, kaffi og tynn saft (ikkje mjølk). Du kan drikke klare væsker fram til to timar før operasjon, til tidspunktet som er avtalt med personalet.

OPERASJONSDAGEN

- Du møter på angitt sengepost til avtalt tid.
- Du skal vere fastande, som forklart på side 4.
- Du skal vere nydusja og ha vaska håret, og du skal vere utan smykker, ringar, øyredobbar, neglelakk, sminke og hudkrem.
- Rett før du skal til operasjonen er det viktig at du tissar, slik at urinblæra er tom.
- Ein sjukepleiar vil følgje deg ned til operasjonsavdelinga, der ein anestesijukepleiar tar imot deg.
- Dersom du har tannprotese eller høyreapparat blir det tatt av like før du får bedøving. Dette får du tilbake så snart du er vaken etter operasjonen.
- Du vil få ei perifer venekanyle (eit tynt plastrør) i ei blodåre på handa. Denne blir brukt til å gi deg medisinar og væske etter behov.
- I forbindelse med operasjonen får mange ei sprøyte med blodfortynnande medisin (Fragmin) for å motverke blodpropp. Denne sprøyta vil du få dagleg etter operasjonen den tida du er på sjukehuset.

Etter ein mindre operasjon

Dersom du har fått lokalbedøving blir du henta direkte opp til sengeposten etter operasjonen. Har du fått narkose, epidural- eller spinalbedøving, blir du verande til observasjon på oppvakingsavdelinga nokre timar. Du kan rekne med å få litt mat og drikke, og vere litt oppe samme kveld.

Etter ein større operasjon

Har du vore til ein større operasjon er det vanleg at du blir verande på oppvakingsavdelinga til dagen etter. Det er meir informasjon om større operasjonar på neste side.

Pårørande

Ta kontakt med aktuell sengepost, som kan sette deg i kontakt med pasienten etter operasjonen. Telefonliste side 12.

Utstyr som kan bli brukt ved større operasjoner

1. Smertelindring. Eit epiduralkateter blir lagt inn før operasjonen av anestesilegen. Det blir gjort på operasjonsavdelinga mens du enno er vaken. Dette er eit tynt plastrør som blir ført inn i epiduralrommet i ryggen. Her får du kontinuerleg tilførsel av smertestillande medisin, ved hjelp av ei lita batteridreven pumpe. Epiduralkateteret blir som regel brukt dei første 3-5 døger etter ein større operasjon.

3. Perifer venekanyle er eit tynt plastrør som blir lagt inn i ei mindre blodåre, for å kunne gi deg væske og medikament. Du får som regel venekanyle på handbak og underarmar.


5. Sentral venekanyle (CVK) blir lagt inn i ei stor blodåre for å kunne gi væske og medikament intravenøst i større mengder.

4. Under operasjonen blir det lagt eit dren gjennom huda og inn i sårhola. Sårvæske og blodsiv i operasjonsområdet blir såleis drenert bort. Drenet blir som regel fjerna i løpet av dei første dagane etter operasjonen.

5. Eit urinkateter går gjennom urinrøret og opp til urinblæra. Kateteret blir lagt inn under sjølve operasjonen og blir som regel fjerna i løpet av dei første dagane etter operasjonen.

6. Av og til blir det lagt inn ein duodenalsonde. Den går gjennom nasen og ned i magesekken. Den held magen tom for magesaft og hindrar brekkingar og oppkast. Duodenalsonden blir som regel fjerna i løpet av dei første dagane etter operasjonen.

7. Alle slangar er av mjukt materiale og det er fullt mogleg å bevege seg, med litt hjelp av personalet.



PÅ SENGEPOST

Når du er i form til å gå ut av sengeposten, må du gi beskjed til personalet før du går.

Smertelindring

Det er naturleg å ha ein del smerter etter ein operasjon. Det blir lagt vekt på at du skal få smertestillande både for å kunne trene og kvile.

Etter operasjon i mage og tarm

Etter ein operasjon er fordøyelsen noko redusert. Dette betrar seg gradvis i løpet av dei første 2-5 dagane. Du kan oppleve kvalme og ein del luftknip. Når tarmen begynner å fungere betre vil det komme ut flatus (luft) gjennom endetarm (eller gjennom stomi). Etter kvart kan du ete suppe, og deretter vanleg mat. Nokon opplever endring av fordøyelsen i form av diaré eller forstopping etter operasjonen. Personalet på sengeposten kan gi råd.

Opptrening

Aktivitet etter ein operasjon er gunstig for helsa. Du får hjelp til å komme ut av senga så snart som mogleg etter operasjonen. Treninga vil bli tilpassa den generelle helsetilstanden din. Helsepersonell vil sjå til at du får tilstrekkeleg smertelindring og legge forholda til rette for at du skal komme i form.

Hygiene

Når du er kirurgisk pasient anbefaler vi at du følger desse råda for å beskytte deg mot infeksjonar:

- Vask eller sprit hendene før måltid, og etter toalettbesøk.
- Bruk innesko eller tøflar kvar gong du er oppe og står eller går.
- Sei i frå til personalet dersom bandasjen din blir våt eller har blodspor.
- Spør personalet om når du kan dusje, og om du har bandasje som skal dekkast til før dusjing.

Døgnrytme	Klokkesletta kan variere litt på sengepostane
07.00 - 08.45	Vaktskifte og rapport. BT-, puls- og temperaturmåling, og morgonstell
08.00 - 09.30	Frukost * og medisinar
08.30- 11.00	Legevisitt
12.00 - 13.00	Lunsj og medisinar
14.00 - 15.00	Rapport og vaktskifte
15.30 - 16.30	Middag
17.00 - 20.00	Visittid / besøkstid
19.30 - 20.30	Kveldsmat
21.00 - 22.00	Medisinar
21.30 - 22.00	Vaktskifte og rapport

* Sengepost 4 serverer mat i spisestua for oppegående pasientar.

Legevisitt

Det er legevisitt alle kvardagar. I helga har vi previsitt men det er ikkje rutine med legevisitt til alle pasientane. Har du spørsmål til vakthavande lege, kan du ta kontakt med sjukepleiar. Dersom du ønskjer at pårørande skal vere med på legevisitten, må det avtalast dagen før. Ta kontakt med sjukepleiar dersom dette er aktuelt.

Prøver og undersøkingar

Blodprøver blir vanlegvis tatt klokka:08:00 + 12:00 + 15:30 + 19:30

Om du veit det er bestilt blodprøver på deg, er det ein fordel om du oppheld deg på rommet på desse tidspunkta. Er du i tvil om du skal ta blodprøve kan du spørje sjukepleiar. Du må rekne med å vente litt på blodprøvetaking og bestilte undersøkingar.

Røykfritt miljø

Vi har eit røykfritt miljø på Haukeland universitetssjukehus. Bruk anvist røykeplass. Næraste røykeskur er i 0. etasje. Det er ein fordel å ikkje røyke når ein nyleg har gått gjennom ein operasjon.

Servicetilbod i Sentralblokka

1. ETASJE 0: Apotek • Kafeteria • Kiosk • Minibank • Drikke og matautomat • Drosje
2. ETASJE 3: Kafeteria • Drikke og matautomat • Bibliotek • Frisør

Permisjon

Ønske om permisjon må avtalast med lege. Vi gjer merksam på at reiseutgifter i samband med permisjon ikkje blir dekkja av NAV eller sjukehuset.

UTREISE

Den dagen du skal skrivast ut vil det vanlegvis skje mellom kl. 13.00 og 16.00. Før du blir skriven ut vil det vere ein samtale med lege eller sjukepleiar, som vil gi deg aktuell informasjon før du reiser. Dersom du har starta med nye medikament vil du få elektronisk resept. Andre medikament må du få elektronisk resept på hos fastlegen din. Du kan bestille klargjering av medisinane dine på apoteket. Då er det mindre ventetid på apoteket. Gå inn på www.sav.no

Hovudregelen er at du får dekkja den billigaste reisemåten med rutegåande transport til og frå behandlingsstad. Ved alle pasientreiser må du betale eigendel. Meir informasjon om kva som skal til for å få dekkja utgiftene, får du hos Pasientreiser på telefon 05515 og på www.helsenorge.no/rettigheter/pasientreiser

Sjukemelding

Er du i arbeid vil du bli sjukemeldt avhengig av type operasjon og arbeid. Snakk med legen på visitten om dette. Går du på skule eller av anna grunn må ha dokumentasjon på at du har vore innlagd, gi beskjed om dette i god tid før utreise.

PÅRØRANDE OG VENER

Det er besøkstid i tidsrommet 17.00 - 20.00 alle dagar.

Besøk kan vere ei god avveksling når du er pasient. Vi set stor pris på at pårørende og vener respekterer besøkstidene våre. Vi har stort ansvar for å legge til rette for god pasientbehandling og arbeidsflyt i avdelinga.

Barn som pårørende

Avdelinga kan hjelpe til med informasjon og oppfølging av barn som er pårørende til alvorleg sjuke. Vi kan gi råd og rettleiing til føresette/ besteforeldre, og hjelpe til med å informere skule/barnehage og helsesøster.

Teieplikt

Helsepersonell har teieplikt. Det inneber at vi ikkje kan gi informasjon om pasienten sin helsetilstand til pårørende utan at vedkomande har gitt sitt samtykke. Les meir på side 4.

Parkering for pårørende

Pasientar med langstidsopphald har rett på parkeringskort til redusert pris til bruk som også kan nyttast av nærmaste pårørende. Ta kontakt med personalet på din sengepost.

Mat til pårørende

Pårørende og besøkande må kjøpe mat i kiosk, kafeteria eller på automat. Det er også to daglegvarebutikkar i nærleiken av sjukehuset.



REINE HENDER

Det er spritdispensarar på alle postar til bruk for både pasientar og besøkande.

TELEFONNUMMER TIL SENGEPOSTANE I KIRURGISK KLINIKK

Post 1 gastro: 55 97 34 00/ 3403

Post 2 urologi: 55 97 34 30

Post 3 gastro: 55 97 35 03

Post 4 plastikk /kar: 55 97 35 50

Post 5 endokrin /urologi: 55 97 00 12

Sengepostane har døgnopen telefon. Personalet er lettast tilgjengeleg mellom klokka 13-14 og 17-18.

Meir informasjon på

[www.helse -bergen.no](http://www.helse-bergen.no)

Søk på avdelingsnamnet. Sjå også nyttig informasjon for pasient og pårørande. Søkeord: "På sjukehuset"